



Notat

Dato: 07.03.2014
Arkivsak: 2014/13105-1
Saksbehandlar: gudeinb

Til: Samferdselsutvalet, fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Melding - Oppdatert utgåve av Miljøstrategi for Skyss

Det blir vist til handsaming av sak 279/13 Miljøstrategi for Skyss i desember 2013.

Dokumentet Miljøstrategi for Skyss føreligg no i endeleg utgåve, som også inkluderer vedtaket frå fylkesutvalet.

Det er oppdaga mindre feil i faktagrunnlaget som er presentert i strategidokumentet. Desse er retta opp i den endelege utgåva. Vi ber derfor om at tidlegare versjon av dokumentet (november 2013) ikkje lenger blir nytta.

Endringane i faktagrunnlaget gjeld berekningane av utslepp frå persontrafikk over Danmarks plass (s. 9), og samanlikning av utslepp og tilskot for buss og snøggbåt (s. 21). Dei oppdaterte tala endrar ikkje på konklusjonane, og støtter fortsatt strategiane som er vedtekne.